

BØNEVANDRING – 13 forslag til stasjoner



- 1) Lag ein **kross** av papp eller tre. Ei korg med lappar står framfor krossen. På lappane står det eit namn eller eit land der dei kristne har det vanskeleg. Fest lappen på krossen, som ei symbolsk handling på at du lyfter dette fram for Gud, han som veit kva liding er. Be ei bøn ut frå lappen du har festa.
- 2) I døypefonten, eller ein stasjon med ei litt stor **skål med vatn**. Ved sida av kan du ha ei korg der du har bretta blommar av papir. Inni blomane har du skrive bibelsitat som minner oss på ansvaret vi har for dei som lid. Når blomen blir lagt i vatnet, opnar han seg, og bibelordet vil bli synlig. Du kan også eventuelt berre skrive kvar sitatet står og ha ein bibel liggande litt bortanfor.
- 3) Tenn **lys i globen** for dei som lid.
- 4) Lag eit **bønealter** der du har skrive namnet til ein person eller eit land ein kan tenne eit lys for og/eller be for.
- 5) Ein krok med papir og ei **bønekrukke**. Her kan ein sjølv skrive ei bøn som ein legg i krukka. Krukka vil bli løfta opp og bønene tekne med i gudstenesta. Du kan også legge ei stempelpute her, slikt at born eller andre som ikkje kan skrive, kan sette fingermerket sitt på ein lapp. Denne personen eller det han/ho vil be for blir også teken med i bønekrukka.
- 6) Ein **kross og ei korg med steinar** rett bortanfor. Her kan du legge ein sten ved krossen som eit symbol på bødene som kan leggest over på Gud. Både dine egne og bødene til syskena våre som lir.
- 7) Ein bunke **appellbrev og pennar**. Her kan ein engasjere seg ved å lese appellen og skrive under. Ta vare på appellane, så kan dei sendast felles i etterkant.
- 8) Eit bord der det ligg eit **bønebrev** frå Stefanusalliansen. Kopier opp bønebrevet som ligg i Magasinet Stefanus, eller du kan få ein bunke sendt frå oss. Ha så mange brev at folk kan ta det med seg. På denne stasjonen kan du oppfordre folk til å be for desse emna også vidare i veka.
- 9) Heng opp eit enkelt **verdskart**. Ha knappenåler liggande framom. Ein stikk ei knappenål i kartet, på det landet ein ber for.
- 10) Set en **blomebukett** med mange fargar på et bord. Lag lappar med eit snøre i som kan hengast på blomane som kort. Her kan du takke! Takk for at vi får leve i eit land med religionsfridom. Og takk for at Gud trass alt er med gjennom lidinga.
- 11) Eit **bord med druer**, ei mugge med vatn og glas. Legg ein lapp på bordet med bibelvers om at dei som hungarar skal bli metta (Bergpreika). Ein et ei drue og drikk litt vatn for å hugse at dei som lid skal få rettferd ein dag. Vatnet kan også minne om dåpen og om at Jesus er livs vatn.
- 12) Ein **bolle med aske**. Her kan ein teikne ein kross på handleddet. Dette er ein koptisk tradisjon som blir gjort med alle born for alltid å minne dei på at dei ber krossen. I gode og vonde dagar. Ha gjerne eit bilete på stasjonen som illustrasjon.
- 13) Teikn ein **kropp** (papp eller liknande) som ein kan henge opp lappar med teiknestift på. Skriv bibelsitatet om at «om ein lem lid, så lid alle dei andre med» (1 Kor 12,26). På førehand kan du henge opp namnelapper med namn på menneske som du veit lid for trua si (finn nokre namn på www.stefanus.no). Bønevandrarane kan skrive sine egne namn og stifte på «kroppen». Dette for å minne oss om at vi er éin kropp – heile den verdsvide kyrkja. Ein kan sjølv sagt også bruke eit tre i staden for ein kropp.